

Stemneplassen inn i eit nytt liv?

17.06.2014



Diani imponerte på Stemneplassen

**Stemneplassen er på veg inn i eit nytt liv.
Det må det vera grunn til å håpa på det etter det uformelle
kulturtreffet som vart avvikla der ikveld
etter initiativ frå musikklaget.
Oppslutnaden var ikkje overveldande, men med
rundt 30 på benkane og ein utloddning som ga 5000
i den slunkne kassa er det grunn til å vera optimist.**



Daniel imponerte på Stemneplassen

Musikklaget hadde 2 avdelingar og viste nok eingong at formkurven er stigande, men vi fornærmer neppe nokon når vi rangerar ei jente frå Mexico først av dei som hadde innslag.

Diani Garcia bur på Sunde og jobbar i butikk på Valen og har vore her i landet i 8 månader. På heimebane i Cancun har ho sunge i mange offentlege samanhengar og no imponerte ho stort hos oss. Det er ikkje tvil om talentet og vi fekk høra prov frå ein fengande songskatt i heimlandet hennar.

Daniel Roman frå Romania, som bur i Uskedalen, trakerte munnspelet suverent og konklusjonen etter at vi hadde hørt dei to gjestearistane må vera at vi har kultur-ressursar blant oss som slett ikkje vert utnytta.



[Musikklaget hadde teke initiativet](#)

Det store området som Stemnepllassen utgjer vart også utnytta ikveld, i ein kultursti som stille krav både til fysikken og dei små grå. På den måten vart potensialet til denne unike plassen sentralt i bygda demonstrert og no er vi spente på kven som tek initiativet til neste arrangement. Inntekten i kveld dekkjar truleg lagt på veg straumrekninga. Vassrekninga kan vera det neste.... Med andre ord er uskedelingane villige til å halda liv i Stemneplassen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



[Stemneplassen har plass til mange!](#)